Sunnmørsposten 1. nov. 1954.

# Valldalingane har fått ein skule som dei kan vere stolte av

## Innreidnad og utstyr mæler seg med det beste i landet

**KOSTNADANE kjem på 400 000 kroner**

GILD VIGSLINGSFEST LAURDAGSKVELDEN



*Det nye skulehuset ligg høgt og fritt til mellom vakker furuskog oppe på Syltemoa. Og når det planlagde «tunet» er ferdig, vert her ein skulestad som ein vanskeleg finn maken til på våre kantar.*

*Laurdag var det høgtid og fest i Valldal. Nyskulen på Syltemoa vart vigsla ved ei gild samkome, der bygdefolket hadde møtt talrikt fram. Til stades var og skuledirektør L a n g l o, banksjef E i d e m frå fylkesskulestyret og skulekjøkkenkonsulenten i Kyrkje- og Undervisningsdepartementet, frk. Bergljot S v e s t a d. Dessutan var heradstyret, skulestyret og eldre lærarar innbedne, saman med alle dei som hadde hatt å gjere med reising og innreiing av bygget. Og det vart ei minnerik feststund som er til stor ære for dei som har vore med på å legge alt til rette på ein så framifrå måte. Serleg interessant var det å sjå det store arbeidet som var gjort for å pynte opp dei ymse salane, og ein festleg spiss på det heile var dei fantasifulle og morosame teikningane som borna hadde laga på tavlene i skuleroma.*

Det nye skulehuset ligg høgt og fritt til mellom vakker furuskog oppe på Syltemoa. Ein meir ideell skulestad må ein leite lenge for å finne maken til. Rett nok er ikkje sjølve plassen utbygt enno, men planane som er laga av fylkesgartnar B i r k e l a n d, fortel at skuletunet vil bli noko utanom det vanlege på våre kantar. Ein har ni mål jord til rådvelde, og dette arealet skal byggast ut til leikeplass for borna og til treningsbane for born og ungdom. Leikeplassen får både grus- og grasdekke. Framfor skulehuset skal det vere prydtre, plener og rosebed. I det heile blir det eit anlegg som både borna, lærarane og bygdefolket vil få stor glede av i åra framover.

### KOSTNADSSUM PÅ 400 000 KRONER

Nyskulen er reist i to høgder med kjellar og ein sidefløy i ei høgd, dessutan er det planlagt ein fløy på andre sida, men den har ein ikkje fått byggeløyve til enno. Når alt er ferdig, vert det eit sers staseleg skulebygg som fullt ut vil stette dei krav ein har til ein moderne folkeskule. Men det er inga billeg affære å reise skular i dag. Slik husa no står, kjem kostnadssummen på omkring kr. 400 000. Men folket i Valldal har fått rikt att for pengane som er ofra her. Det er blitt ein skule som på alle måtar kan mæla seg med dei beste i landet. Dei har grunn til å vere stolte av tiltaket sitt.

### FØRSTEKLASSES UTSTYR OG INNREIDNAD

Ser ein på korleis bygget er innreidt, finn ein i kjellaren ein romsleg sal som førebels skal nyttast til gymnastikk-, møte- og festsal for skulen. Der er og dusjbad og toalettrom og elles ymse opplagsrom.

I første høgda er det tre lyse og trivelege klasserom, dessutan materialrom og styrarkontor. I andre høgda er det eit klasserom, lærarrom med garderobe og tekjøkken, og eit romsleg og uvanleg velutstyrt skulekjøkken med heimestellrom, småkjøkken, vaske- og tørkerom, spisskammers og garderobe.

I sidefløyen er det kombinert bibliotek- og lesesal. Det er synt stor omtanke ved innreiinga av dette romet for å få det så praktisk som mogleg. Utanom hyller

(Over til side 3).

---

Schreiber som henstillet til sine kamerater å slutte opp om de demokratiske partiene i Vest-Tyskland. Han beklaget at SS i folks omdømme fortsatt blir sett på som nazister og erklærte at det burde bli slutt på den mentaliteten i Tyskland som gjør SS til syndebukker for alt galt som skjedde i Hitlertiden.

«Vi har brennende kjærlighet til fedrelandet og vi sørger over at det enno ikke er samlet, men vi vet hvilket ansvar vi har i den frie verden og vi vil slutte opp om de demokratiske partiene i Vest Tyskland», erklærte Schreiber under tordnende bifall fra sine gamle våpenbrødre.

I konferansen deltok representanter fra frontkjemperorganisasjonene i Norge, Finnland, Saar og Frankrike.

# Drosjesjåfører krever 125 000 av staten

Kragerø: Kragerø herredsrett har behandlet en erstatningssak som tre drosjeeiere har anlagt mot staten. De tre kjørte drosje med bevilling før og delt under krigen, men etter krigen fikk de ikke sine bevillinger tilbake. To av dem krever erstatning på 50 000 kroner hver, mens den tredje som forøvrig fikk sin bevilling tilbake i 1951, krever 25 000 kroner i erstatning.

---


MONARCH»
traktor med en stor traktors fortrinn
ensinforbruk ca. 2,5 liter
5 hk FORD bensinmotor
gir forover — 2 bakover
aftuttak og remskive m. 4 hastigheter
5 kg trekkraft på kroken
tillbar hjulavstand foran og bak: 106,5 cm—152,5 cm
vingeradius ca. 235 cm
repunktopphenging og hydraulisk betjening
Midtmontert redskapsramme.
OMPANI A/S
ORD 42 6975



Det koster så lite å prøve
Helene Curtis
4 SHAMPOOS
for de 4 hårtyper
— det kan bety så meget for Dem!
Desmoineaux


Frå Gudmund

